



Dei har gjort ein innsats internasjonalt: Gunnar, Margit og Grethe

**Norsk Luthersk Misjonssamband er den største misjonsorganisasjon i Nordeuropa, konstaterte Tormod Myklebust ikveld då han tala i bedehuset under den årlege samlinga for NML i Kvinnherad. I salen sat 2 frå Halsnøy som har gjort innsats i to verdsdelar - Margit Langhelle-Landa i Bolivia og Grethe Svalland i Kenya. Og sjølvsgatt var bygdas misjonsveteran nummer ein Gunnar Kjærland (nyleg fylt 90) på plass og heldt eit inspirerende innlegg, Forkynnar Øystein Hitland frå Husnes som har ansvar for Sunnhordland leia samlinga som i stor grad var utveksling av idear om tiltak.**

Grethe Svalland var ein av dei som kom med innspel. Ho peika på at det har vore lite verksemd på Borgundøy og sa det slik:  
 - Ein treng ikkje å gå så langt for å finna utfordringar.  
 Grethe gjorde teneste som sjukepleiar i Kenya i perioden 1985/1988 og då ho såg att landet under ein ferietur 20 år etter hadde folketalet auka med 20 millionar!

Også Margit, som fungerte som jordmor i Bolivia i periodane 1981/1985 og 1987/1990, opplevde at mykje hadde skjedd då ho var på ferietur til Bolivia i 2000.  
 Både Grethe og Margit syntes det var kjekt å sjå att stader og menneskje.

NLM er ein svær organisasjon og endel av bedehusrørsla historisk sett. Den har 2 500 foreningar og lag i landet. Berre blant barn og unge driv dei arbeid i meir enn 1000 foreningar, gruppar, kor og lag og i tillegg kjem samlingane på meir enn 30 leirstader som dei eig. Dei driv og rundt 30 skular frå grunnskular til høgskulenivå.

- Vi vil vera ei vekkelsesrørsle og ein sendeorganisasjon, held NLM fram i si målsettjing.

Også mediaarbeid står sentralt for NLM, som mellom anna driv Lunde forlag, Norea og mange lokalradioar.

Evangelisering og bistand frå organisasjonen pågår no i 9 land, Omsorg for det heile menneskje har alltid prega innsatsen

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen